



Sambandet Vest AS  
Rehøyen 13

5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6214 - 14/23704

Saksbehandlar:  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
ftm@lindas.kommune.no

Dato:  
21.10.2014

## Innbetaling aksjekapital Sambandet Vest

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak i kommunestyret 16.10.2014.

Med helsing  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*



Andre mottakarar:

Sambandet Vest AS

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval         | Type | Dato       |
|--------|---------------|------|------------|
| 086/14 | Formannskapet | PS   | 02.10.2014 |
| 090/14 | Kommunestyret | PS   | 16.10.2014 |

| Saksbehandlar  | ArkivsakID |
|----------------|------------|
| Hogne Haugsdal | 14/6214    |

## Innbetaling aksjekapital Sambandet Vest

### Vedlegg:

Vedlegg Regionrådet Oppfølging sak 09-13

Vedlegg\_20140919081050

1. Lindås kommune betaler inn kr 112.500,- i aksjekapital til Sambandet Vest i samsvar med vedtak frå generalforsamling frå juni 2013.
2. Midlane til aksjekapital vert å hente frå disposisjonsfondet
3. Avklaring rundt Lindås kommune sitt bidrag til vidare drift av selskapet må takast i samband med budsjettprosessen for 2015.

### Formannskapet - 086/14

#### FO - behandling:

May Eva Sandvik var ugild, som styremedlem i Sambandet Vest, og deltok ikkje i handsaming av denne saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

1. Lindås kommune betaler inn kr 112.500,- i aksjekapital til Sambandet Vest i samsvar med vedtak frå generalforsamling frå juni 2013.
2. Midlane til aksjekapital vert å hente frå disposisjonsfondet
3. Avklaring rundt Lindås kommune sitt bidrag til vidare drift av selskapet må takast i samband med budsjettprosessen for 2015.

## **Kommunestyret - 090/14**

### **KO - behandling:**

May-Eva Sandvik var ugild, som styremedlem i Sambandet Vest, og deltok difor ikkje under handsaming og røysting i denne saka.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

### **KO - vedtak:**

1. Lindås kommune betaler inn kr 112.500,- i aksjekapital til Sambandet Vest i samsvar med vedtak frå generalforsamling frå juni 2013.

2. Midlane til aksjekapital vert å hente frå disposisjonsfondet

3. Avklaring rundt Lindås kommune sitt bidrag til vidare drift av selskapet må takast i samband med budsjettprosessen for 2015.

### **Saksopplysningar:**

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### **Bakgrunn:**

Sambandet Vest AS blei etablert 19. august 2010 med formål om å realisere infrastruktur knytt til tverrsambandet mellom kommunane Øygarden, Meland, Askøy og Radøy. Aksjonærar frå starten var kommunane Bergen, Fjell, Sund, Øygarden, Askøy, Meland, Radøy, Austrheim og Lindås. I tillegg var selskapa Framo Engineering, Frank Mohn og BKK AS med som aksjonærar. Aksjekapital ved oppstart var kr 1 mill, i tillegg gav Askøy kommune eit lån på 1,222 mill. Aksjekapital og lån har vore brukt til eit forprosjekt for å realisere eit vegsamband mellom Askøy Nord og Radøy, samt med eit ferjesamband mellom Askøy-Øygarden. Selskapet har også hatt ein dagleg leiar i 20% stilling. Forprosjekt og geologiske undersøkingar var ferdig i januar 2013, og det viste seg at det var store utfordringar knytt til lausmassar og djupne for ein evt. tunnel.

Før generalforsamling i juni 2013 blei dei jobba med å få inn ny aksjekapital, då det meste av startkapitalen og lån var brukt opp på forprosjekt. Styret ba eigarane om kr 2 mill i ny kapital. Tre av eigarkommunane, Bergen, Fjell og Sund, trakk seg ut av selskapet i 2013. I tillegg møtte ikkje Øygarden kommune og Framo Engineering på generalforsamlinga, men i følgje styreleiar i Sambandet Vest AS har ikkje desse aktørane trekt seg formelt ut at selskapet. På generalforsamling i Sambandet Vest AS i juni 2013 blei aksjekapitalen vedtatt nedskrive til kr 0,-. Ny aksjekapital på kr 1,6

mill blei teikna slik:

|                                              |                                    |
|----------------------------------------------|------------------------------------|
| Askøy kommune:                               | 30 aksjar a kr 10.000 = kr 300.000 |
| BKK AS                                       | 20 aksjar a kr 10.000 = kr 200.000 |
| Wimoh Invest AS                              | 20 aksjar a kr 10.000 = kr 200.000 |
| Kommunane Austrheim, Meland, Lindås og Radøy | 90 aksjar a kr 10.000 = kr 900.000 |

Føremålet med kapitaltilføring var å sikre vidare drift i selskapet. I tillegg har Askøy kommune bedt om å få tilbakebetalt lånet på kr 1,222 mill, dette er planlagt tilbakebetalt i løpet av 2014.

#### **Innbetaling av aksjekapital**

50% av den tilførte aksjekapitalen på kr 1,6 mill blei innbetalt til selskapet i 2013. For kommunane i Nordhordland gjekk Regionrådet inn med kr 450.000,- som blei henta frå kompensasjonsfondet (Sak 9/13 vedlagt). I same sak blei det foreslått ei lik fordeling på det resterande beløpet på kr 450.000, altså kr 112.500 per kommune for Austrheim, Meland, Lindås og Radøy. Lindås kommune har i utgangspunkt 11 aksjar i selskapet til ein verdi på kr 10.000 per aksje.

Lindås kommune har mottatt et brev frå styret i Sambandet Vest AS, datert 11. august 2014, kor ein ber om at resterande aksjekapital blir innbetalt i løpet av hausten 2014. I tillegg ber styret om at kommunen vurderer ein årleg kapitaltilførsel/driftstilskot fram mot 2017. Styret meiner selskapet treng ca kr 450.000 i årlege tilskot frå eigarane til vidare. For Nordhordlandskommunane er det frå styret side foreslått eit årleg bidrag på kr 253.125,- fordelt på fire kommunar.

#### **Vurdering:**

Lindås kommune føl opp vedtak frå generalforsamling i Sambandet Vest AS i juni 2013, og betalar inn aksjekapital på kr 112.500 i samsvar med den fordelinga som blei lagt fram i sak 9/13 i Regionrådet. Styret i Sambandet Vest ber også om at kommunen vurderer tilskot/kapital til vidare drift av selskapet, og det er lagt fram eit forslag om ei årleg kapitaltilførsel på kr 450.000 frå 2015 – 2017. Rådmannen rår til at dette blir vurdert i prosessen med budsjett 2015 og økonomiplan 2015 – 2018.